



# Valprogram 2023-2027

Øygarden Høgre



# Kjære veljar

Høgre vil ha Øygarden på sitt beste. Det betyr moglegheiter for alle og ein skule som satsar på lesing, skriving og rekning. Det betyr kvalitet og valfridom i eldreomsorga, og ja til dei som vil byggje og bu i kommunen vår. Øygarden er på sitt beste når me er ein kommune som seier ja framfor å leite etter grunnar til å si nei. Høgre skal sikra at det ikkje vert eigedomsskatt og at me får ein enda betre utvikling i kommunen.

Øygarden Høgre vil føre ein politikk som set mennesket og ikkje systemet i sentrum, enten man er elev, pasient, brukar eller passasjer. Me har trua på at du sjølv kan ta dei beste vala for deg og din familie, enten det gjelder barnehage, skule, eldreomsorg eller andre områder.

Øygarden skal vere ein god kommune å bu i, uavhengig av kvar du bur, lever og jobbar. Høgre skal løyse dei utfordringane som Øygarden står ovanfor, og skapa moglegheiter for deg, din heimstad og ditt nabolag. Vår viktigaste oppgåve er å sikra trygge oppvekstmiljø for alle barn, uansett kvar ein bur. Skulen i Øygarden skal vera blant dei beste i landet, så elevane våre kan oppnå draumane

og ambisjonane sine uavhengig av bustad eller bakgrunn.

Me vil at du skal få ein barnehageplass der du bur. Øygarden på sitt beste skal vere ein kommune som når klimamåla og satsar på vegutbygging, sykkeltrasear, buss og ny godshavn. Øygarden Høgre vil sørgra for ein meir effektiv saksbehandling, og vil ha ein ja-haldning til dei som ønskjer å bygge og bu i kommunen vår. Me vil at Øygarden skal bli Noregs mest moderne kommune. Ved å digitalisere fleire kommunale teneste, kutte saksbehandlingstida og redusere skattar og avgifter skal kommunen både spare pengar, og gjere det enklare og billigare for deg å bu i verdas vakraste kommune.

Øygarden på sitt beste satsar på jobbskaprar, gründerar, kultur og reiseliv. Me skal ta vare på naturen og sikra fleire rekreasjonsområde i dei ulike delane av kommunen. Me skal gjera det me kan for at fleire ønskjer å busette seg i Øygarden.

Samstundes skal me jobbe for at fleire nasjonale og internasjonale aktørar ønskjer å satse i Øygarden.

Kjære veljar, dette er vårt partiprogram  
for perioden 2023-2027. God lesing!

## **Tom Georg Indrevik**

Ordførar og ordførarkandidat for  
Øygarden Høgre.



# Innhold

**Side 6 – Oppvekst**

**Side 8 – Idrett, kultur og fritid**

**Side 10 – Kyrkje og livssyn**

**Side 11 – Helse-, pleie- og omsorgstjenester**

**Side 14 – Nærings- og samfunnsutvikling**

**Side 17 – Ein berekraftig kommune**

**Side 18 – Kommunal styring**

**Side 20 – Infrastruktur**



# Oppvekst

Kunnskap gjev moglegheiter for alle. Høgre ønskjer at alle elevar i Øygarden skal ha gode fysiske og psykiske læringstilhøve på skulen, samt ein trygg skuleveg.

## Øygarden høgre vil:

- Ha nulltoleranse mot mobbing.
- Følgje opp prinsippet med at det er mobbaren som skal byte skule, ikkje den som vert mobba.
- Ha eit trygt og sosialt miljø der alle vert inkludert.

## For barnehagebarn:

- Gje gratis kjernetid i barnehagen for låginntekts familiar.
- For familiar med fleire barn i barnehage og SFO, skal det være gratis for barn nummer 3.

## Eigedom

- Auke vedlikehaldet av ute- og inne områda innan oppvekst, samt utvikle og oppgradera områder knytt til fysisk aktivitet.

## For eleven:

- Ha intensiv leseopplæring dei to første skuleåra for å sikre at alle elevar kan lese.
- Sikre at elevar med stort læringspotensiale får moglegheit til å ta fag på høgare nivå.
- Få meir arbeidsrelatert og praktisk læring inn i skulen.
- Styrke karriererettleiing for avgangselevar.
- Sikre at skulane har tilgang til fysiske lærebøker i tillegg til digitale ressursar.
- Vurdere digitale løysingar som gjev elevar ein enklare måte å komme i kontakt med helsejukepleiarar.
- Gjere elevane kjende med lokalhistoria i kommunen, blant anna gjennom at elevane skal besøke alle dei tre musea i kommunen i løpet av grunnskulen.
- Introdusere eleven for personleg økonomi i skulen.



## For tilsette

- Styrke laget rundt eleven med fleire miljøterapeutar inn i skulen.
- Tilby ufaglærte i barnehage og skule kompetanseheving integrert i arbeidet.
- Tilby etter- og vidareutdanning av personalet i skule og barnehage.
- Tilby kompetanseheving til tilsette i barnehage og skule, der tema er korleis ein avdekker, følgjer opp, og handterer mobbing.
- At alle rektorar skal ha utdanning i skuleleiing.
- Etablere egne lærarspesialistordningar.
- Utvikle ein digital kunnskapsbank om lærerlyst for lærarane i samarbeide med andre kommunar i fylket.

## Planar og utvikling:

- Lage og gjennomføre ein moderne og fagleg god barnehage- og skulebruksplan.
- Følgje opp at plan for framtidas skule vert realisert.
- Utvikle eit tettare og enda betre heim-skule samarbeid.
- Ha eit godt samarbeid mellom politi og skular for å forebygge kriminalitet på eit tidleg stadium.
- Styrke det helsefaglege, spesial- og sosialpedagogiske tilbodet i oppvekstsektoren.
- Oppmuntre enkeltskular til pilotprosjekt i ny forskingsbasert pedagogikk.
- Satse vidare på MOT i ungdomsskulane.

# Idrett, kultur og fritid

Høgre skal vere ein aktiv bidragsytar som støttar opp om bredde, mangfald og kvalitet i idretten, både organisert og uorganisert. Øygarden Høgre vil arbeide for at flest mogleg kan vere fysisk aktive og gjennom det få gode opplevingar, betre helse og oppleve idrettsglede. Satsing på breidd eidretten i Øygarden er ein føresetnad for toppidretten. Kultur er viktig for vår identitet, og gjer oss gode opplevingar og kunnskap om vårt eige lokalsamfunn.

## Øygarden høgre vil:

### Idrett og fritid:

- Etablere eit lågterskeltilbod med fysisk aktivitetshall på Ågotnes.
- Etablere lågterskeltilbod innan fysisk aktivitet knytt til kommunedelsentera.
- Støtte initiativ til større prosjekt fremma av private idrettslag i Øygarden kommune.
- At tilhøva for å drive toppidrett vert styrka. Fleire hallar må tilfredsstille krava for å delta i nasjonale seriar i aktuelle idrettar.
- Leggje til rette for, og støtte tiltak for å starte opp med e-sport tilbod i kommunen.
- Utvikle utandørs sosiale møteplassar og aktivitetsarenaer.
- Prioritere å leggje til rette for at personar med nedsett funksjonsevne skal få rett til følgjeperson ved alle fritids- og kulturtildob i kommunal regi.
- Legge til rette for turvegar i lokalområdet som helseførebyggjande tiltak, og knyte saman eksisterande turvegar der det er naturleg.
- Lage ein handlingsplan for auka aktivitet for å betre folkehelsa for alle innbyggjarane våre.
- Gje gratis svømmeopplæring for kvoteflyktningar og asylsøkarar i kommunen.
- Jobbe for at alle med nedsett funksjonsevne får mogelegheit til ei aktiv fritid med meiningsfulle fritids-, kultur- og idrettsaktivitetar.
- Jobbe for å få etablere toalett på mykje nytta turstiar.



### Frivilligheit:

- Ha gode økonomiske rammer for frivilligheita.
- Forenkla reglane for tilskot i kultur -og idrettssektoren, og vurdere å innføre 4-årige samfunnkontraktar/ samarbeidsavtaler med lag og organisasjoner.
- Auke og forbetre den frivillige organiseringa også med sikte på at oppstart av ny idrett eller foreining skal bli enklare.
- Legge til rette for større samskaping mellom frivillig sektor og kommunen gjennom dialog, samarbeid, og medverknad.
- Oppretthalde eit godt samarbeid med foreiningar og grunneigarar som legg til rette for friluftslivsaktivitetar.

### Kultur:

- Synleggjere betre kva kultur og aktivitetstilbod som er i kommunen.
- Jobbe for ein kulturskule med variert og fagleg godt tilbod, kor målet er at elevane skal få opplæring i det instrumentet/ aktiviteten dei sjølv prioriterer høgast.
- Opne opp for å tillate gatekunst på enkelte kommunale bygg eller områder.
- Utgreie vidare moglegheita for eit nytt kulturhus i samband med bygging av ny vidaregåande skule.
- Kommunen skal støtte opp om, og ha ei positiv haldning til, å ta vare på og utvikle kystkulturen vår. Høgre ønskjer fokus på bevaring av kystlandskapet vårt.



# Kyrkje og livssyn

Høgre vil beskytte den enkelte borgars trus- og livssynsfridom, samt forplikte trus- og livssynssamfunn som mottar tilskot. Kyrka har, og vil ha, ei spesiell betydning i Øygarden kommune både som historie og tradisjonsberar, men også som ein viktig samfunnsaktør.

## Øygarden høgre vil:

- Ha gode økonomiske rammevilkår for kyrkja.
- Nytt livssynsope seremonirom som skal kunne brukast av alle til gravferd, bryllaup og andre arrangement.
- Sikre at kyrklege bygg, uteområde og gravplassar, vert godt vedlikehaldne.
- Kremasjonsavgifta skal dekkast for dei som ønskjer dette alternativet framfor tradisjonell gravferd.
- At Basecamp skal sikrast moglegheit for vidare utvikling.
- Etablere fleire bårerom der det er trong for dette.



# Helse-, pleie- og omsorgstjenester

Høgre vil at omsorgstenestene våre skal organiserast slik at det er dei einskilde brukarane sine behov som styrer. Det må vere eit mål å sikre gode og verdige helsetenester og omsorgsordningars tilpassa kvar enkelt brukar. Moderne teknologi, hjelpemidlar, og eit sterkt fagleg helsevesen er naudsynt for å sikre gode tenester og god brukarkompetanse for den enkelte uavhengig av kor ein bur.

## Øygarden høgre vil:

### Fokus på brukarane:

- ha eit godt dagsentertilbod for både demente og somatiske brukarar.
- Auke satsinga på tiltak som fremjar sosiale aktivitetar i omsorgssektoren.
- Etablere ny «Handlebuss» og eit transporttilbod som inneber at eit kan «kome seg ut av huset og heimatt når det høver».
- Sikre gode matopplevingar for dei som får servert eller levert mat gjennom kommunale tenester, då riktig ernæring er

helsefremjande. Dette krev gode institusjonskjøkken med fleksible ordningar og mattilbod utvikla i samarbeid med personar med høg ernæringsfagleg kompetanse.

- Setje større fokus på oppfølginga brukarane får når dei kjem heim frå sjukehus.
- oppretthalde tilboden om å besøke alle over 75 år for å drøfte ønskjer og behov i framtida.
- Opprette ei tilbod om hjelp til å fylle ut digitale skjema og andre digitale oppgåver.
- Oppretthalde at det ved livets slutt skal sikrast verdig og inkluderande pleie og omsorg.
- Ha eit tettare samarbeid med frivillig sektor og eksterne aktørar innan rus og omsorg.
- Sikre gode rammer, samt sjå til at offentlege instansar har tett oppfølging av rusavhengige.
- At Øygarden kommune skal vere eit aldersvenleg samfunn, også i høve til digitale løysingar.

## **Einsemd og psykisk helse:**

- Så fort som mogleg vedta å starte opp arbeid med ein kommunal plan som fremjar tiltak mot einsemd.
- Styrke tilboden innan psykisk helse ved å utvide tilboden til å omfatte tilstander som fell mellom kommunalt og statleg tilbod.
- Bygge nye rus- og psykiatribustader slik at ein ikkje må nytte seg av kostbare tilbod i andre kommunar
- Årleg evaluere behovet for heildøgns avlastningsplassar utover det som er foreslått i «Gjennomføringsplanen».
- Stimulere private aktørar til bygging av seniorbustader, også kollektive bu-løysingar, i lokal-, kommunedel- og kommunesenter. Dette bør vera bustader som legg til rette for fellesskap, og som mellom anna kan forhindre einsemd, og slik også styrke folkehelsa.

## **Tiltak for å kunne bu heime så lenge som mogeleg:**

- At heimehjelpa (praktisk bistand) må styrkast for både brukarar og pårørande som treng ekstra hjelp får dette.
- Fortsetje arbeide med å auke talet på fysio- og ergoterapeutar til same nivå som landsgjennomsnittet.
- Følgje opp vedtatt «Gjennomføringsplan for framtidige helse- og velferdstenester».
- Årleg evaluere behovet for å setje i gong etablering av heildøgns omsorgsplassar ved sjukeheim utover det som er foreslått i «Gjennomføringsplanen».

## **Kvalitet i tenestene:**

- Gjennomføra årlege brukarundersøkingar innan omsorgstenestene som blir presentert gjennom ein tilstandsrapport i kommunestyret ein gang i året.
- Allereie i 2023 vedta å starte opp arbeidet med ein strategi med tiltak for å betre oppfølging, samt gje praktisk og økonomisk støtte til pårørande. Dei er svært viktige omsorgspersonar og er ein viktig ressurs for kommunen.
- Trappe opp arbeidet med å få etablert ei røntgeneining på Straume.



- Følgje opp forslag til tiltak frå det kommunale brukar- og pårørandeutvalet.
- gjennomgå BPA (brukarstyrt personleg assistanse) med sikte på å opprette kvalitetsnorm for også for desse tenestene samt samordning med andre tenester for å gje den einskilde brukaren eit best mogeleg tilpassa tilbod.
- Lage temaplan for rusomsorg.
- Arbeide for at mat- og helsefaga i den vidaregåande skulen vert kopla til institusjonane i helselandsbyen på Straume som eit ledd i å betre matgleda for bebruarane.
- Auke kompetanse og innsats for å ta i bruk relevant og brukarvennleg omsorgsteknologi i heimen.
- Sørgje for at særleg eldrerådet og rådet for personar med funksjonsnedsetjing (kommunale råd) deltek i alle plan-strategiarbeid innafor denne sektoren.
- Legge til rette for aktivitet for eldre som bur på sjukeheim.



# Nærings- og samfunnsutvikling

Reguleringsplanar er eit fundamentalt verktøy for utvikling av kommunen. Høgre ønskjer å arbeide målretta for ei meir effektiv utarbeiding av planar, samstundes som desse skal være i tråd med FNs sine berekraftsmål.

Dette inneber mellom anna planar for framtidsretta og energivennlege næringar, til dømes innan akvakultur, turisme, landbruk, energi og bustadformål. Sjønære næringsareal er av stor betydning, og her har Øygarden allereie ein god posisjon og eit stort potensiale til å dekka behovet.

Øygarden kommune er som eit Norge i miniatyr. Vi har dei fleste næringar representert i kommunen vår. Vi har verksemder og næringsklynger som er av større betydning for Vestlandsregionen og Noreg, enn berre for Øygarden kommune. Høgre ønskjer at kommunen framleis skal ha eit tett og godt samarbeid med alt næringsliv i kommunen, og at det skal leggjast til rette for at dei største nasjonale satsingane kan verte realiserte i Øygarden.

## Øygarden Høgre vil:

### Arealpolitikk:

- At kommunen skal nytte handlingsrommet den har innan lov og forskrift til å handsame saker så enkelt som mogeleg. Øygarden skal vere ein 'ja-kommune' og ha ein liberal og framtidsretta arealpolitikk, samt ei effektiv saksbehandling med god service og støtte i plan- og byggjesaker.
- Ha fokus på at kommunen har god kontroll og tilsyn med ulovlege tilhøve.
- Bustadmønsteret må tilpassast innbyggjarane sine behov og ønskjer. Det skapar trivsel og «bulyst». Dette er igjen viktig for næringslivet sin attraktivitet og rekrutteringsevne.
- Starte arbeidet med ny arealdel til kommuneplanen som bør innehalde ein eigen strandsoneplan. Dette for at eigedomar ved sjø skal kunne nyttast i større grad enn tilfellet er i dag.



- Sørge for ein areal- og reguleringspolitikk som fell saman med framtidig arealbehov og som sikrar meir sentralt plasserte næringsareal.
- Eksisterande naust og bygg skal kunne rehabiliterast. Vi ønskjer lettare og sikrare tilgang til sjø, balansert opp mot ålmenta sin rett til å ferdast og til å nyta strandsona til rekreasjon og fritid.
- Jobbe for at det skal bli enklare å få lagt ut flytebryggjer, og at dette skal vere eit prioritert tema i kommunale planer. Det skal bli enklare å realisere nye bygg og kaiar i strandsona.
- Arbeide for tettast mogleg dialog og samarbeid med regionale og statlege mynde slik at ein saman kan finne dei beste arealpolitiske løysingane med fleksible og tydelege rammer.
- Betre tilhøva for oppdrettsnæringa ved å finne løysingar som gjer at sjøareal kjem ut av raud sone, og leggje til rette for areal på land for framtdsretta akvakulturanlegg.

#### Prioritere å ferdigstille desse planane:

- Områderegulering for næringsareal på Eide.
- Områderegulering for Bildøy (Bildetangen nord, Straumsosen og Branndalsåsen), samt vidareutvikle kommunesenteret Straume og Kystbyen.
- Slutthandsame områddeplan for Vikane på Rong.
- Slutthandsame detaljregulering for Ågotnes sentrum og miljøgate.
- Arbeide vidare med utvikling av kommunedelsenter Skogsskiftet for privat og offentleg utbygging.
- Starte opp arbeidet med områddeplan for nordre del av Little-Sotra, Foldnes, Anglevik og Våge.



## Næring:

- Sikre dynamikk, utvikling og nyskapning for næringsparkar og -klynger i kommunen, slik at desse har ei strategisk rolle i verdiskapinga for kommunen.
- Arbeide på nasjonalt nivå for at større kommunar som Øygarden skal ha betre lokalt sjølvstyre.
- Leggje til rette for at kommunen synleggjer sine fortrinn slik at nye nasjonale bedriftssatsingar blir etablert i Øygarden.
- Ha kommunale tilbod som tilfredsstiller eksisterande næringar og bedrifter slik at dei vert stimulert til å utvikle seg vidare, og at nye vel å etablere seg i Øygarden kommune.
- Utdanningstilbodet i kommunen må være på nivå med arbeidsmarknaden sine behov.
- Leggje til rette for at godsterminalen i Bergen Havn kan flyttast til Ågotnes.
- Samarbeide med Vestland fylkeskommune og dei omkringliggende kommunar for å betre communal og statleg service ovanfor næringslivet. Sørge for at Øygarden posisjonerer seg godt i Bergens- og Vestlandsregionen.
- At kommunenesenteret, saman med kommunedelsentra våre, skal være sterke og levande motorar for den regionale handelen.
- Utarbeide ein energiplan for å synleggjere potensialet for etablering av ny energi.
- Jobbe for at fleire fylkeskommunale og statlege arbeidsplassar vert lokalisert i kommunen.
- Auke talet på lærlingeplassar i kommunen, og legge til rette for tett samarbeid mellom skule og lokalt næringsliv. Klima- og miljøutfordringane krev internasjonal, nasjonal og lokal innsats. Betre ressursutnytting kan gi store gevinstar for miljøet, økonomien og samfunnet.



# Ein berekraftig kommune

## Øygarden Høgre vil:

- Etablere ein temaplan for klima og miljørarbeid i kommunen.
- At kommunen skal stille tenlege miljøkrav ved anbod og innkjøp.
- At kommunen skal velje miljøvenleg ved kjøp eller leige av transportmiddel.
- Legge til rette for nullutslepps ladeinfrastruktur ved sjø og på land.
- Jobbe for å energieffektivisere dei kommunale bygga våre, og ha nye energiløysingar der det er tenleg.
- Ta vare på dei mange fiskevatna våre, og jobbe for å gjere dei tilgjengeleg for alle.
- Sjå på tiltak som kan vere med å auke fjerning av sitkagrana i kommunen.
- Sjå på tiltak som kan være med på å auke graden av ryddeaksjonar.
- Stille kommunen sine lokale til disposisjon ved bytte/gje bort arrangement.
- Alle einingar i kommunen skal kjeldesortere.

# Kommunal styring

For Høgre er det viktig at kommunen vert styrt på ein trygg måte. Gjennom god økonomi- og planstyring sikrar vi gode kommunale tenester. Kommuneplanen sin samfunnsdel er overordna plan for alle andre kommunale planar og skal setja retninga for samfunns- og tenesteutviklinga i kommunen.

## Øygarden Høgre vil:

- Ikkje ha eigedomsskatt på anna enn kraft- og petroleumsanlegg.
- Oppretthalde formannskapsmodellen.
- Etablere ein strategi for kort- og langsiktig forvaltning av kommunale eigendommar.
- Opne for meir offentleg-privat samarbeid der det er tenleg. Til dømes etablering og drift av bygg.
- Syrgje for ein brukarvennleg og tilgjengeleg kommuneadministrasjon ved å bygge kultur for effektive og brukar-retta tenester, samt kontinuerleg forbetring i alle ledd.
- Få gjennomført ordning med "ei dør inn" for innbyggarretta tenester.
- Vidareutvikle ei digital løysing kor innbyggaren kan få ei samla oversikt over dei kommunale tenestene og saksgang i saker som gjeld ein sjølv.
- Prioritere ressursbruk til tenester og ikkje administrasjon. Utarbeida ei oversikt over kostnadsbilete knytt administrative ressursar ved samanlikne med andre kommunar.
- Jobbe etter FNs berekraftsmål.



# Infrastruktur

Høgre vil at Øygarden kommune skal prioritere arbeidet med å sikre god infrastruktur i heile kommunen. Vi får årleg inn 150 millionar kroner fra eigedomsskatt på kraft og petroleumsanlegg.

Høgre ønskjer at kommunen skal følge opp intensjonsavtalen for den nye kommunen, som seier at 30% av eigedomsskatten fra "gamle" Øygarden skal nyttast til utvikling av infrastruktur. Det vil gje rom for å gjennomføre fleire etterlengta tiltak.

## Øygarden Høgre vil:

- Bygge ut infrastruktur i kommunenesentera våre. Sentrumsområda må utviklast ved bruk av utbyggingsavtaler med utbyggjarar som gir føreseielege rammer, og ei rimeleg kostnadsdeling med det offentlege.
- Samarbeide med fylkeskommune og Øyvar, slik at vi får realisert mest mogleg infrastruktur for innbyggjarane.

## Slik vil vi sikre trygge og gode vegar:

- Arbeide målretta opp mot Vestland fylkeskommune for å få gjennomført tiltak på fylkesvegane i kommunen, som til dømes:
- Utbetre Vestsidevegen, trafikksikring Steinsland-Stranda, bru Blomvåg og andre liknande prosjekt.
- Klargjere for vegutbetring i Arefjord og Søre Bildøy slik at dette kan gjennomførast så snart det er praktisk råd.
- Gjennomføre planlagt utvikling og framdrift i Skogsskiftet, til dømes sentrumspark.



- Etablere ny miljøgate Ågotnes for å leggje til rette for vidare sentrumsutvikling.
- Etablere ny rundkøring på Rong i samband med arbeid som skal gjerast ved bygging av ny straumforsyning til Kollsnes og Sture.
- Utarbeide ein plan for korleis det kan sikrast eit samanhengande gang- og sykkelvegnett.
- Ta initiativ til å finne løysningar for fullføring av vegplanane i Øygarden kommune.
- Få fortgang i arbeidet med finansiering av «nord-sørsambandet» Vorland-Kolltveit og Ågotnes-Kolltveit.

#### Slik vil vi forbedra kollektivtilbod

- Arbeide for auka kollektivtilbod i heile kommunen.
- Arbeide for eigne interne bussruter i kommunen, gjerne gjennom prøveordning med bestillingsteneste
- Arbeide for tilstrekkeleg kapasitet på innfartsparkeringar langs sentrale kollektivtrasear. Dei må vera tilrettelagt for bil, sykkel, og lading av el-bil.
- Arbeide for ferjeavløysingsprosjekt Lerøy-Bjelkarøy.
- I samarbeid med Vestland fylkeskommune utgreie moglegheitene for ei prøveordning med nytt mobilitetsanbod for Øygarden.

